OSTERØY KOMMUNE
Samfunnsutvikling, Teknisk forvaltning

Jan Magnar Solvang
Åsgardane 73
5282 LONEVÅG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Hege Eeg	09.10.2019
Vår: 17/2631 - 19/19262	hege.eeg@osteroy.kommune.no	

79/16 - Bysheim - Tilbakemelding etter merknadar til varsel

Viser til brev av 16.9.19 frå Kåre Bysheim med felles merknadar til varsel om retting for eigedomane 79/16 og 79/17.

For ordens skuld gjer vi merksam på at kommunen ikkje har kravd retting og tvangsmulkt. Det er sendt varsel slik at ein skal få kome med merknadar slik du har gjort.

Vi har gått nøye gjennom arkiva til kommunen. Alle mappene for dei aktuelle eigedomane er gjennomgått, òg for 79/1. Det er rett det du skriv om krav til nytt felles kunstig sandfilter reinseanlegg. Vi kan imidlertid ikkje finne nokon søknad for det nye sandfilteranlegget og heller ikkje eit løyve. Det er heller ikkje motteke underteikna avtale frå grunneigar. Vi har innhenta informasjon frå grunnboka og funne at du har tinglyst rett til å ha avløpsanlegg liggjande. Så lenge grunneigar ikkje protesterer, legg vi dette til grunn.

Det er du som eigar, som må dokumentere at du har naudsynte løyve. Vi ber om å få kopi av vedtaket om godkjenning av det nye anlegget innan 8.11.19.

Det er berre å ta kontakt om du har spørsmål.

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.